

# HARDANGERVIDDAGRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

[www.hardangerviddagrunneigar.no](http://www.hardangerviddagrunneigar.no)

[nbjoer-v@online.no](mailto:nbjoer-v@online.no)

**HG-NYTT**

**Nr. 33, Desember 2015**

**Red.: Nils Bjørn Vistad**

01.12.15

## ***Haustmøte i Rauland 28.11.15***

Møtet var eigentleg tillyst på Skinnarbu, men Syriastraumen frista hotellet til endringar i oppløpet, og møtet vart flutt til Rauland Høgfjellshotell i nabobygda. Fredagen vart nytta til ymse særsmøter for organisasjonane på Hardangervidda, medan laurdagen var ein open fagdag.

### ***JAKTA 2015***

**Live Gladheim**, sekr. i Villreinnemnda, informerte innleiingsvis om fellingsresultatet av haustens jakt. Fellingstalet endte på 1.662 dyr (674 simle, 695 bukk og 293 kalv). Dette vart 20,8 % felling, der Vinje toppa med 42,2 % og Tinn med 24,9 %.

Sekr. i Villreintvalet, **Svein Erik Lund** ga så ei grundig analyse av dette resultatet. Primært var siktemålet ei felling på om lag 2.000 dyr (1.600-2.400), med stor andel simle. Som særskilt tiltak vart fremma ynskje om fri kav på alle simle/ungdyr-kort. Dette ynskjet vart avvist av Direktoratet.

Seinare bad Villreintvalet om utvida jaktid (ville ha med fyrste veka i oktober), men dette vart så underkjent av Villreinnemnda (!?), eit vedtak som kanskje var både bevisstlaust og hstorielaust (som det vart nevnt i møtet). M.a. begrunna med at det var rom for bestandsvekst!

Kort summert vart fellingsresultatet vesentleg for dårleg (for få dyr og for stor bukkeandel). Grunna dårleg vår og sein sommar vart hedigvis også kalvetilveksten i år mindre enn berekna i forkant. Det tyder at totalbestanden kanskje ikkje er særleg større enn den ideelt sett skulle vera, men med truleg «ovstort» produksjonspotensiale (mange kalvefrie produksjonsdyr og simler totalt sett).

Dei fire fredningssonene fungerer temmeleg bra, for å få reinen lenger vestover. Justeringar kan likevel vera aktuelt. Sonene har nå vore til utprøving i 3 år.

Iflg. Lund vil forvaltinga framover bli krevande. Dei neste 2 år blir avgjerande for om vi skal kunne ha kontroll med bestandsutviklinga. Ein kan ha flaks (ny dårleg vår, gode værtilhøve hausten 2016 m.v.), men det kan også gå heilt galt!

Villreintvalet (Svein Erik Lund) har som vanleg utarbeida ei sær grundig analyse av felling, kommuneoversikter, radiodyrs bruk av områda, fredningssonene, innlevering/utfylling av kontrollkort, overføringsort, felling av bukk i brunst m.m. over heile 24 sider, med mange illustrasjonar og diagram. Denne rapporten er tilgjengeleg for interesserte.

---

Veterinær **Kjell Handeland** (Veterinærinstituttet) orienterte om resultatene frå innsamla organprøver med sikte på svelgbrems, hudbrems, hjernemark og fotråde. Han fekk inn prøver frå 11 av omsøkte 15 reinkalvar vårvinteren i år. Fleire detaljer finn ein andre stader.

Forskar og grunneigar **Harald Kvålen** presenterte ei god utgreiing om verdien av å stoppe enkelte av «turisttilboda» på vestvidda, med tanke på/påstand om at dette kunne vera tunge medvirkande årsaker til liten dyretrafikk her. Ifylgje Kvålen viser gjennomgangen at dette tiltaket klart bør prøvast ut i praksis.

**Olav Strand** (NINA) deltok som vanleg,- ryddig, profesjonell og pedagogisk bra (sjølv om han ikkje møtte til avtalt tid for «bokpresentasjon» kvelden før).

Han presenterte ei samla oversikt over kondisjonsundersøkingar, pågåande helseovervåking, arbeidet framover m.m. Han fekk sjølv sagt også smette inn litt om boka «Midt i flokken», og vise bilder som radiomerkte simler med påmonterte kameraer hadde tatt. Medforfatter: Frid Kvalpskarmo Hansen. Pris kr.350,- (kr.250,- ved samlekjøp på 20 stk bøker).

Sekr. (NBV) kan formidle bestillingsdata.

Minner samstundes om at praktboka til Johan Vaa og Kjell Bitustøyl «Reinen på Hardangervidda. Natur og kultur», frå 2012, framleis er å få!

## ***Styremøte 27.11.2015***

Styret i HG heldt styremøte i samband med møtet på Rauland, med desse sakene:

- Aktuell lokal status frå styremedlemmene
- Økonomisk status
- Haukelisetermøtet om Tokke-Vinje konsesjonen (kraftutbygging versus rein)
- Nytt Villreinutval våren 2016
- Forenkling av utmarksforvaltinga

Full møteprotokoll blir sendt alle medlemmer m.fl.

## ***Samordning av fjellova og statsallmenningsslova***

Fjellstyra har nyleg (23.11.15) fått invitasjon til å bli med i eit lovarbeid som skal samordne, modernisere og forenkle lovverk og administrasjon i statsallmenningane,- m.a. vil ein freiste slå saman fjellova og statsallmenningsslova og regulere bruksrett/bortfall av bruksrett m.m.

Arbeidet er igangsett av det Kngl. Landbruks- og Matdepartement.

Dei sentrale rettigheter og prinsipp skal vidareførast og lokalt sjølvstyre og lokal kompetanse i fjellbygdene skal leggest vekt på.

Vi veit likevel at når slike typer arbeid blir igangsett så blir det også endringar,- bl.a. kanskje i høve kommunesammenslåingar, utanbygds kontra innanbygds m.v.

Alt i alt eit arbeid som skal gå over 2 år, og som vil bli fylgd med interesse av mange i tida frametter.

---

Leiar: Per Helge Sekse, tlf. 90193457, [per.helge.sekse@kinsarvik.net](mailto:per.helge.sekse@kinsarvik.net)  
Sekretær: Nils Bjørn Vistad, tlf.90033113, [nbjoer-v@online.no](mailto:nbjoer-v@online.no)